

# Verbal årsrapport – 2013

# Sogn og Fjordane fylke

Samla omfang: Inntil 5 A4-sider, ekskl. punkt 9 (dokumentasjon av eksempelprosjekt).  
Frist: 15. februar 2014

Disposisjon	Kommentarer
<p><b>1. Innledning</b></p>	<p><b>Ei kort skissering av K1-deltakinga og bakgrunnen for prosjektet.</b></p> <p>I 2013 starta fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane eit samarbeid for å fremme arbeid med universell utforming av sentrumsnære turveggar i samarbeid med kommunane. I 15 kommunar er turveggar i eller nær sentrum, som er eller skal bli universelt utforma, registrert. Arbeidet vert presentert i ein eigen rapport som ligg vedlagt.</p> <p>Tiltaket er i tråd med nasjonale føringar for å auke likestilling og likeverd og regjeringa sin handlingsplan er målet at alle kommunar skal ha minst eitt friluftsområde som er universelt utforma.</p> <p>Registreringane er gjennomført med økonomisk støtte frå det nasjonale utviklingsprosjektet K1 som er koordinert av Miljøverndepartementet.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har også i 2013 kopla universell utforming til satsinga og nettverket Trygge lokalsamfunn som ny innfallsvinkel med å skape ein meirverdi i arbeidet med universell utforming. Denne koplinga meiner vi gir auka heilskapstenking og synergieffektar.</p> <p>I tillegg har kommunane Selje, Luster, Flora og Sogndal som føregangskommunar for universell utforming gjennomført tiltak knytt til planlegging, utvikling og kompetanseheving. Det har også vore jobba med å implementere universell utforming i prosjektet Lokale kulturminneplanar i Sogn og Fjordane, der dei fleste kommunane har blitt med i løpet av 2013.</p>
<p><b>2. Organisering og forankring</b></p>	<p><b>Skissering av den formelle organiseringa av K1 i 2013</b></p> <p>Fylkeskommunen samarbeider med Fylkesmannen om søknad og gjennomføring av tiltak. Kontaktperson for K1 har vore tilsett som rådgivar ved Plan og samfunnsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.</p> <p>Fylkestinget har vedteke at uu skal vere eit av seks overordna mål for all fylkeskommunal drift. Med dette skal integrering og systemendring vere viktige grep og det er liten grad av prosjektretta tiltak. Strukturar og nettverk er bygd opp og skal fylgjast opp på permanent basis samtidig som det er ei kontinuerleg utvikling.</p> <p><b>Kartlegging av sentrumsnære turveggar</b></p> <p>Tiltaket har vore leia av fylkeskommunen v/ plan og samfunnsavdelinga, men koordinert i nært samarbeid med kulturavdelinga og Fylkesmannen si</p>

planavdeling.

Vi valde å etablere ei regional samarbeidsgruppe i tillegg til å legge til rette for brei involvering av frivillige i lokale arbeidsgrupper. Det har i stor grad vore samhandla på tvers av fagområde, sektorar og avdelingar. Gruppene har vore har vore pådrivarar for å auke kompetanse og gjennomføringsevne kring uu-tiltak i fylket.

Lokalt har representantar frå kommunane delteke i lag med råd for eldre og råd for personar med nedsett funksjonsevne, frivillige frå kulturminnelag, turlag og andre. Ved synfaringane har også fylkeskommunen eller Fylkesmannen delteke.

Den regionale samarbeidsgruppa består av følgjande personar:

Fylkeskommunen:

Atle Skrede, fysisk aktivitet og spelemidlar

Joar Helgheim, friluftsliv

Doris Rutledal, folkehelse

Heidi Ekehaug, folkehelse

Gunnhild Berge Stang, kulturminner

Jo Tore Kristoffersen, kart og GIS

Fylkesrådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Malen Røysum, planlegging

Bjørge Eikum Tang, folkehelse

Dei 15 kommunane som har delteke i prosess og arbeid med kartlegging av uu på sentrumsnære områder er: Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Førde, Gloppen, Hyllestad, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Solund, Vik, Vågsøy

Arbeidet er i varierende grad organisatorisk forankra i fylke og kommunar. Vi opplever auka interesse, støtte og forståing både på leiarnivå i ulike sektorar og fagområder. Det har og komme tilbakemeldingar frå kommunane at arbeidet har fremma heilskapstenking og samarbeid på tvers og at nye samarbeidsformer har komme som resultat av tiltaket kartlegging av sentrumsnære turvegar.

### **Trygge lokalsamfunn Sogn og Fjordane**

Satsinga har vore leia av fylkeskommunen ved plan- og samfunnsavdelinga. Kommunane Førde, Flora, Sogndal, Luster og Selje deltek i K1 som nye føregangskommunar frå 2012 og 2013. Desse kommunane er også med i satsinga og nettverket knytt til Trygge lokalsamfunn Sogn og Fjordane der kommunane Eid, Gloppen, Balestrand, Årdal, Luster, Høyanger, Hyllestad, Solund og Askvoll deltek.

I tillegg er det etablert ei referansegruppe som gir råd og faglege innspel til satsinga. Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde, KS, FFO, NAV, Fylkestrafikktryggleiksutvalet, Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for funksjonshemma deltek.

<b>3. Metode</b>	<p>Kompetanseheving med erfaringsdeling og best practice er viktige metodiske grep.</p> <p>Vi brukar WHO-modellen Safe Community/Trygge lokalsamfunn som metode.</p>
<b>4. Oppnådde resultater</b>	<p><b>Skissering av resultat som er oppnådd, gjerne i forhold til K1-tiltakets hovedmål og resultatmål. ( Sjå tilsagnsbrev for 2013)</b></p> <p>Fylkeskommunen har samarbeidd med 15 kommunar og Fylkesmannen om kartlegging av 17 sentrumsnære turveggar hausten 2013. Det er utarbeidd ein rapport/eksempelsamling på lik linje med den Telemark fylke har laga tidlegare. Asplan Viak har vore leigd inn som konsulentar.</p> <p>Universell utforming er kopla til satsinga på Trygge lokalsamfunn der vi har samarbeidd med 12 kommunar og ei referansegruppe. Denne koplinga meiner vi er med å skape meirverdi i arbeidet med universell utforming – og gi auka heilskapstenking. Fylkeskommunen har vore pådrivar og lagt til rette for samarbeid og ulike tiltak for å fremme fagleg utvikling</p> <p>Universell utforming har blitt implementert i satsinga på Lokale kulturminneplanar. Sjå eigen rapport.</p> <p><i>Vi har oppnådd høg måloppnåing på alle tiltaka, kartlegging av sentrumsnære turveggar og lokale kulturminneplanar meiner vi å ha lukkast godt med!</i></p>
<b>5. Økonomi</b>	<p>Tiltaka er gjennomført med økonomisk støtte frå det nasjonale utviklingsprosjektet K1. Fylkeskommunen har bidratt med midlar til løn av prosjektkoordinatorar og andre, i tillegg til noko reiseutgifter.</p> <p>Det har vore nødvendig å gjere avtale med kommunane om ein eigenandel for å gjennomføre kartlegging av uu på sentrumsnære turveggar og implementering av universell utforming i prosjektet Lokale kulturminneplanar.</p> <p>Vi viser til innsendt økonomisk rapportering (januar 2014) som kilde.</p>
<b>6. Gevinstrealisering</b>	<p>Vi meiner kartlegging av sentrumsnære turveggar har vore nyttig for alle som har delteke i arbeidet. Det har vore ein lærerik prosess med mange involverte både frå kommunane, fylkeskommunen, Fylkesmannen og frivillige.</p> <p>Rapporten vil vise status for turvegane, potensiale for utvikling og forslag til tiltak. Rapporten har og med liste med aktuelle midlar kommunar og frivillige lag kan søke, vi trur dette vil bidra til lokale utviklingsprosessar.</p> <p>Fylkeskommunen har invitert til eit oppfølgingsmøte med kommunane i februar 2014.</p> <p>Arbeidet med Trygge lokalsamfunn vil halde fram og vi trur at stadig fleire vil sjå at prinsippa for universell utforming også vil vere viktig for å førebygge ein del skader og ulukker. Spesielt med tanke på at vi dei neste åra vil få ein stor auke av eldre med nedsett syn og orienteringsevne.</p>

<b>7. Endringer og tillegg</b>	Det har ikkje oppstått uforutsette utfordringar og hendelsar, men prosessane har tatt lenger tid enn det vi har forventa.
<b>8. Prosjektfaglig evaluering</b>	Vi meiner det truleg ikkje hadde vore mogeleg å jobbe med universell utforming utan denne organiseringa då arbeidet skal inngå i vanleg drift og vere knytt til ulike fagområda til ei kvar tid.
<b>9. Dokumentasjon</b>	<p>Vedlagt følger lenke til rapport for Kartlegging av universell utforming på sentrumsnære turvegar:</p> <p><a href="https://www.dropbox.com/s/vkaf8zlr4ujaxgv/Rapport_sentrumsn%C3%A6re%20turvegar_14.01.2013_siste.pdf">https://www.dropbox.com/s/vkaf8zlr4ujaxgv/Rapport_sentrumsn%C3%A6re%20turvegar_14.01.2013_siste.pdf</a></p> <p><a href="http://issuu.com/sognogfjordanefylkeskommune/docs/131217rapport_sentrumsn_re_turvega">http://issuu.com/sognogfjordanefylkeskommune/docs/131217rapport_sentrumsn_re_turvega</a></p> <p>NB! Dette vil vere prosjekteksempel som skal publiserast på web-siden til K1-tiltaket:  <a href="http://uu-k1.no/">http://uu-k1.no/</a></p>